

**Saksframlegg**

«Sgr_Beskrivelse» «spg_beskrivelse»

Saksnr.	Utval	Møtedato
39/20	Driftsutvalet	12.10.2020
23/20	Eldrerådet	06.10.2020
98/20	Formannskapet	20.10.2020
33/20	Livsløpsutvalet	13.10.2020
22/20	Råd for funksjonshemma	06.10.2020
16/20	Ungdomsrådet	13.10.2020

Kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 - Offentleg ettersyn av planforslag**Samandrag:**

Det er no utarbeidd eit forslag til kommunedelplan for kulturarv i Vanylven kommune. Denne saka dreier seg om å vedta at forslaget til kommunedelplan for kulturarv vert lagt ut til offentleg ettersyn.

Formannskapet 20.10.2020:**Behandling:**

Landbruksrådgjevar Randi Aarønæs presenterte planen.

Samrøystes vedtak som framlegget.**FO- 98/20 Vedtak:**

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Ungdomsrådet 13.10.2020:**Behandling:****UNG- 16/20 Vedtak:****Rådmannen si tilråding:**

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Livsløpsutvalet 13.10.2020:

Behandling:

Kulturrådgevar Helle Frogner presenterte planen.

Samrøystes tilråding som framlegget.

LU- 33/20 Vedtak:

Livsløpsutvalet tilrår:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Driftsutvalet 12.10.2020:

Behandling:

Kulturrådgevar Helle Frogner presenterte planen.

Samrøystes tilråding som framlegget.

DU- 39/20 Vedtak:

Driftsutvalet tilrår:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Råd for funksjonshemma 06.10.2020:

Behandling:

Kulturrådgevar Helle Frogner presenterte planen.

Samrøystes vedtak som framlegget med følgjande merknad:

Råd for funksjonshemma bed om at kulturminna vert gjort tilgjengelege for personar med rørslehemming så langt det let seg gjere.

RFF- 22/20 Vedtak:

Råd for funksjonshemma tilrår:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14, med følgjande merknad:

Råd for funksjonshemma bed om at kulturminna vert gjort tilgjengelege for personar med rørslehemming så langt det let seg gjere.

Eldrerådet 06.10.2020:

Behandling:

Kulturrådgevar Helle Frogner presenterte planen.

Samrøystes vedtak som framlegget.

EL- 23/20 Vedtak:

Eldrerådet tilrår:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg

ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Rådmannen si tilråding:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentlig ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Vedlegg:

Kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 - Offentleg ettersyn av planforslag
Handlingsdel 2020-2022 - Offentleg ettersyn av planforslag
Søknad om stimuleringsmidlar til registrering av lokale kulturminne
Tinging av midlar til llokal kulturminneplan
Godkjenning av planprogram
Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi

Saksopplysningar:

Det er klima- og miljøverndepartementet i lag med riksantikvaren som gjennom satsinga Kunnskapsløftet for kulturminneforvaltinga oppfordrar kommunane til å utarbeide lokale kulturminneplanar, og som har ytt økonomisk stønad til arbeidet

Vanylven kommune søkte midlar 06.02.14, saksnr 2014/122. Søknaden vart imøtekommen med 100.000,- frå Møre og Romsdal fylkeskommune med vidareoverføring av midlar frå Riksantikvaren 11.06.14, saksnr 2014/122-5.

Formannskapet vedtok planprogrammet for kommunedelplanen for kulturminner, F-sak, 2014/122 i møtet 24.06.2014 med følgjande vedtak:

1. *Formannskapet viser til delegert fullmakt og plan- og bygningslova (pbl) § 11-12. Det vert starta opp arbeid med kommunedelplan for kulturminne. Den skal gjelde frå 2016-2020.*
2. *Planprogrammet vert godkjent slik det ligg føre.*
3. *Magne Øystein Berge vert livsløpsutvalet sin representant i arbeidsgruppa.*

Arbeidet med kommunedelplan for kulturarv er omfattande og krev arbeid over tid. Stillinga som kulturkonsulent har hatt stort omløp, frå planprogrammet vart vedtatt fram til 2017. Som eit resultat har arbeidet vore i gangsett, og stoppa opp fleire gonger.

Formålet med Kommunedelplan for kulturarv er å få ei oppdatert oversikt over kulturminne av lokal verdi i Vanylven kommune, og sjå korleis kulturarven representerer både miljømessige, kulturelle, sosiale og økonomiske verdiar, som er ein ressurs for samfunnsutviklinga.

Målsettinga er å auke kunnskapen og merksemda om kulturminne, og at planane skal vere verktøy i forvalting av kulturminne lokalt. Plan i seg sjølv gir ikkje grunnlag for vern.

Planen er ein kommunedelplan og med dette ein del av kommunen sitt overordna planverk. Behovet for revisjon av planen vert å ta stilling til i 2024, når planstrategien skal opp til ny handsaming. Handlingsdelen av planen skal rullerast kvart 2. år.

Medborgarskap og demokrati

Det er eit nasjonalt mål at alle skal ha moglegheit til å engasjere seg og å ta ansvar for kulturmiljø. Kulturmiljø er eit felles gode og eit felles ansvar. Deltaking og demokrati gjennom frivillig innsats, medverknad og samskaping er viktig for kulturmiljøet i Vanylven,

og for å legge til rette for eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn.

Det har vore lagt stor vekt på å inkludere innbyggjarane i Vanylven kommune i utforminga av planen. I arbeidet med kartlegging av kulturminne av lokal verdi har det vore arrangert folkemøte og feltmøte, med representantar frå sogelaga og fylke. Gjennom lokalavisa Synste Møre, sosiale media og Vanylven kommune si heimeside har ein oppmoda folk om å kome med innspel til planen, og informert om pågåande planarbeid. Arbeidsgruppa, som står bak innhaldet i planen, har bestått av ein representant frå kvart sogelag og bygdene, politisk representant, landbruksrådgjevar og kulturkonsulent i kommunen. Mange, ikkje minst arbeidsgruppa og dei ulike sogelaga, har med stor kunnskap og engasjement, gjort ein imponerende innsats i arbeidet. Over 50 frivillige har deltatt aktivt i kartlegging av objekter. I tillegg til arbeidsmøter på rådhuset med arbeidsgruppa, feltreise og workshop med rund 30 deltakare har sogelaga lagt inn over 1300 timer i arbeidet med planen.

Det er no utarbeidd eit forslag til kommunedelplan for kulturarv i Vanylven kommune. Denne saka dreier seg om å vedta at forslaget til kommunedelplan for kulturarv vert lagt ut til offentleg ettersyn. Saka vert lagt fram for råd og utval til uttale.

Det er formannskapet som har avgjerdsmynde i denne saka.

Vurdering og konklusjon:

Forslag til kommunedelplan for kulturarv 2020-2028 vert lagt ut til offentleg ettersyn, jf. plan- og bygningslova § 11-14.

Rita Kvamme
rådmann